

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Fredag 26.8.2011
Stad: Nes, Sorenskrivargarden

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Nils Peter Undebakke og regionkontakt Terje Moen.

Rådmannsutvalet deltok i sak 41, 42 og pkt. om sekretær Hallingdal Ungdomsråd i sak 47.

SAK 40/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24.6.2011

Vedtak

Møteprotokoll 24.6.2011 vart vedteke.

SAK 41/11 FELLES UTTALE; «STRATEGI FOR MUSEUMSUTVIKLING I BUSKERUD 2011 – 2015».

Vedtak

Rådmannsutvalet tek ansvar for felles uttale frå kommunane i Hallingdal i samband med «Strategi for museumsutvikling i Buskerud 2011-2015».

SAK 42/11 NY PARTNARSKAPSAVTALE MED HALLINGDAL NÆRINGSHAGE

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på å etablere ei ny partnerskapsavtale med Hallingdal Næringshage, under føresetnad at HN blir teke opp i det nye næringshageprogrammet, med verknad frå 1.1.2012.
2. Ei framtidig partnerskapsavtale skal bidra til utvikling av regionen i eit bærekraftig perspektiv, med m.a. utgangspunkt i Strategisk plan for Hallingdal sine målsettingar.
3. Årleg tilskot og prioriterte satsingsområde skal konkretiserast ved årlege gjennomføringsavtaler.

SAK 43/11 BOKSMIA; SØKNAD OM TILSKOT TIL UTGJEVING AV NY OG OMARBEIDA UTGÅVE AV «HALLINGDAL I BILETKUNSTEN»

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt at det vil bli gjeve ut ei ny utgåve av boka «Hallingdal i biletkunsten».
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 100.000 til dekking av utgifter i samband med utgjeving av ny og omarbeidd utgåve av boka «Hallingdal i biletkunsten».
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.
4. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til støttekjøp av boka.

SAK 44/11 SØKNAD OM STØTTE TIL DIGITALISERING VED FOLKEMUSIKKARKIVET I BUSKERUD

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at arbeidet med digitalisering av folkemusikkarkivet blir gjennomført.
2. Regionrådet for Hallingdal meiner Kunstnerdalen kulturmuseum er ein institusjon som skal ivareta interessene til heile fylket. Det bør ikkje vera ei oppgåve for nokre kommunar eller nokre regionråd i fylket å gi tilskot til ein institusjon som dekker heile fylket.

SAK 45/11 GEILO KULTURKYRKJE; SØKNAD OM TILSKOT TIL DANSEFØRESTILLING

Saka utgår fordi planlagt tiltak ikkje blir gjennomført i 2011.

SAK 46/11 PROFILERING AV HALLINGDAL I MAGASINET «BYGD FOR FRAMTIDEN»

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser det ikkje som aktuelt i denne omgang å leggja ressursar i magasinet «Bygd for framtiden».

SAK 47/11 EVENTUELT

Trafikktryggleik Hallingdal

Styringsgruppa for Trafikktryggleik Hallingdal ynskjer å skrive til Samferdselsdepartementet med bakgrunn i at stadig meir godstransport blir flytta frå jernbane til veg, på grunn av dårlegare regularitet og delvis stans i periodar på Bergensbanen. Regionrådet for Hallingdal støttar dette i eige brev til departementet.

Sekretær Hallingdal Ungdomsråd

Sekretær for Hallingdal Ungdomsråd skal gå på omgang blant kommunane i Hallingdal. Gol kommune ved Kjetil Storebråten har gjort sin innsats i vel 2 år. Rådmannsutvalet tek ansvar for å få ny sekretær på plass.

Hallingtinget nov. 2011

Tema på Hallingtinget 25.11.2011:

- Strategisk plan for Hallingdal
- Profilering Hallingdal

Bulystmidlar til Hallingdal

I samband med med regionrådsmøte kom og Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete, ho kom med gladmelding om at Hallingdal får 3 millionar kroner til bulystsatsing. Regionrådet for Hallingdal søkte om kr. 3.150.000 til «Hallingdal 2020», og søknaden fekk 1.prioritet frå Buskerud Fylkeskommune si handsaming. Hallingdal 2020 er ein felles søknad for dei 6 kommunane i Hallingdal.

Ål 7.9.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar